

Kom og syng med "Røysterett for alle"!

24.10.2008



"Røysterett for alle" øvar i Helgheim torsdag kveld. Frode Kaldestad til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Røysterett for alle" er eit kor med base i Uskedalen, og dette blir kvart år markert med eit "Syng-med-oss"-program i Helgheim. Neste torsdag held tradisjonen fram og då er appellen "Syng med oss i jubileumsåret!"



Frode Kaldestad – trufast akkompagnatør for "Røysterett for alle", her i aksjon i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For 20-årsmarkeringa er slett ikkje over sjølv om den har hatt fleire desiderte høgdepunkt. Når Helgheim-arrangementet er over, er neste store oppgåve felleskonserten med Rosendal-koret 30. november då Maria-musikken står på programmet.

"Syng med oss" er ein tradisjon som har sitt utspring i ein populær serie med radioprogram laga av bergensaren Bjørn Tore Andre.

Også dette året er fleire aktørar i aksjon i tillegg til koret og to av dei er unge: Uskedalingen Ingebjørg Haugland spelar piano og Torill Eirunn Einarsdotter frå Stord fiolin. Torill Eirunn er berre 11 år og dotter av dirigent Maria Malmsten. I Helgheim skal ho både spela solo, saman med mor som spelar fløyte – og saman med koret.

I tillegg kjem sjølvsgagt koret sin trufaste akkompagnatør, Frode Kaldestad frå Husnes. Sist vår var han med "Røysterett for alle" til Latvia og hadde reprise på reisa sist helg – saman med Husnes-koret.

Programmet i Helgheim er ein lett blanding av songar som koret har sunge til dels mange gonger før og er vel fortrulege med.

Bruremarsjen frå Østerdalen opnar ikkje unaturleg det heile og "Kvannsanketid" med korleiar Svein Rimestad som solist står på menyen også denne gongen. Det gjer likeeins to vakre songar av Odd Nordstoga: "Malene" og "Vandringsvise". "Those were the days" vil sikkert jera furore også denne gongen og det skjer nok også eit nytt innslag: "Til havs med solfylta segel...." Der får ein ei kjensle av å vera med på seglturen!

Helgheim-kvelden har som før fri entre men det er loddosal. Og så blir det sjølvsgagt servert kaffe og kaker og det blir rikeleg anledning til allsong til slutt.

Etter å ha vore floge på veggene under siste øving kan uskedalen.no lova ein triveleg kveld med mykje vakker song.

Koret har slett ikkje hatt nokon formsvikt no mot slutten av jubileumsåret....

Av Ola Matti Mathisen